

# Prosjektplan for «Felles barnevern» Lindås, Meland og Radøy kommune

Dokumentansvarleg: Sissel Mary Frotjold  
Forfattar: Sissel Mary Frotjold  
Dato oppretta: 30.10.2017  
Dato sist endra:  
Arkivreferanse:  
Filnamn: mal for prosjektmandat ver. 1.00  
Versjon: 1.00

Godkjent av		Namn:	Signatur
Prosjekteigar:	<input checked="" type="checkbox"/>	Mette Fauskanger	
	<input type="checkbox"/>		
	<input type="checkbox"/>		
	<input type="checkbox"/>		
	<input type="checkbox"/>		

## Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
0.10	30.10.17	Dokument etablert	Sissel Mary Frotjold

## Distribusjon for kvalitetssikring

Versjon	Dato	Distribuert til	Sendt av
0.10		Styringsgruppe (Rådmenn i Radøy, Lindås og Meland)	
0.11			
1.00			

*Endringsoversyn:* Viser kven som har endra dokumentet, kva som er bakgrunnen for endringa.

*Distribusjon for kvalitetssikring:* Synleggjer kven som har motteke og kvalitetssikra versjonar av dokumentet.

## Styrande dokument

Dokumenttittel
Prosjektmandat Felles barnevern Radøy, Lindås og Meland

## Andre sentrale dokument

Dokumenttittel
Støttedokument prosjektmandat
Samarbeidsavtale mellom kommunane
Forskrifter, Lovverk, diverse rundskriv og veiledere
Intensjonsavtale, omstillingsavtale m.v.

## Vedlegg

Nummer	Versjon/Dato	Namn
01		Prosjektmandat
02		Støttedokument prosjektmandat
03		Samarbeidsavtale mellom kommunane
04		Resultatmål

*Forkortingar:* Gir oversyn over vanleg brukte forkortingar i dokumentet.

*Styrande dokument:* Viser kva aktuelle dokument som har vore styrande ved utforming av dokumentet. Dette oversynet viser også kva dokument som er overordna dette dokumentet.

*Andre sentrale dokument:* Gir oversyn over dokument med ein viss relevans for utforming av dette dokumentet.

*Vedlegg:* Gir oversyn over kva vedlegg som følgjer dette dokumentet.

## Innhold

1	Bakgrunn og behov.....	1
2	Mål for prosjektet .....	3
2.1	Hovudmål .....	3
2.2	Delmål .....	3
2.3	Effekt- og gevinstmål .....	3
2.3.1	Resultatmål (i forprosjektet).....	3
2.3.2	Effektmål av hovudprosjektet.....	4
2.4	Målgruppe .....	5
2.5	Kritiske suksessfaktorar og suksesskriteria .....	5
2.6	Gjeldande premissar og føresetnader .....	5
2.7	Avgrensingar .....	6
2.8	Kvalitetssikring.....	6
2.9	Sluttkriterium for prosjektet .....	6
3	Prosjektet si framdrift, hovudmilepælar og hovudleveransar – overordna .....	7
3.1	Prosjektet si varighet .....	7
3.2	Framdriftsplan, heile prosjektperioden – overordna .....	7
3.3	Hovudmilepælsplan - framdrift og tidsramme .....	8
3.4	Samanheng med andre prosjekt og aktivitetar .....	8
4	Organisering, ansvar og bemanning.....	10
4.1	Organisering.....	10
4.2	Rapportering og kommunikasjon.....	10
4.3	Rollebeskrivelse.....	11
4.4	Plan for gevinstrealisering.....	11
5	Prioritering og finansiering.....	12
5.1	Finansiering .....	12
6	Risikoanalyse.....	13
7	Tiltak for å redusere risiko .....	15
8	Endringar .....	16

# 1 Bakgrunn og behov

Prosjektnamn	Felles barnevern Radøy, Lindås og Meland
Prosjekteigar	Mette Fauskanger
Prosjektleiar	Sissel Mary Frotjold
Prosjektet sin startdato og sluttdato	01.10.17 – 01.10.18
Prosjektet si totale budsjettramme	1.213.375
Hovudmål	Greie ut ein modell for felles barnevern i kommunane Radøy, Lindås og Meland

## *Bakgrunn for prosjektet og kva behov prosjektet skal dekke:*

Det skal bli gjennomført samanslåing av kommunane Radøy, Meland og Lindås. I samband med dette skal dei tre respektive barneverntenestene i kommunane bli organisert som ei felles barnevernsteneste under same tak.

Det vart søkt om midlar frå Fylkesmannen i Hordaland til ein prosjektleiar som kunne leie samanslåingsprosessen. Søknaden vart innvilga.

Radøy kommune er vertskommune for prosjektet. Prosjektleiar vart tilsett i juni 2017 og starta prosessen 01.10.17 Samanslåingsprosessen er tenkt gjennomført innan eitt år frå prosjektstart. Hovudprosjektet med implementering og oppstart ny organisering er målsatt til september 2018

I mai 2017 vart mandatet forankra hjå styringsgruppa, samt drøfta i HTV-møta i dei tre kommunane.

I prosjektperioden skal ein greie ut ei felles teneste som blant anna skal dekke følgjande behov:

- Ny organisasjonsform i ei barnevernteneste
- Bemanningsplan
- Felles budsjett
- Felles arkiv – og IKT løysning
- Samlokalisering av tenesta
- Tenestestruktur
- Felles fagleg profil
- Brukarmedverknad
- Samarbeidsformer med relevante samarbeidspartnarar
- Felles verksemdsplaner og øvrige relevante styrande dokumenter for tenesta
- Informasjonsflyt i prosessen

Innan mars 2018 skal det ligge føre ein ferdig utarbeidd plan for organisering av felles barnevern. Deretter skal sak om vertskommuneorganisering frå 2018 – 2019 til handsaming i dei tre kommunestyra.

Berørte partar i prosessen vil være brukarar av tenesta som born, unge og foreldre/føresette og oppdragstakarar i form av fosterheimar, støttekontaktar, besøksheimar, tilsynsførarar med fleire.

Også samarbeidspartnarar vil verte berørte av at tre barneverntenester slås saman til ei teneste.

Prosjektet må ha sterkt fokus på desse partane gjennom prosjektperioden.

## 2 Mål for prosjektet

Gjennom prosjektet Felles barnevern skal dei tre kommunane bruke tid på å kartlegge og analysere noverande praksis, for å komme til ein best mogleg og tidsriktig organisering av ei felles barnevernteneste i nye Alver kommune.

Kartleggings – og analyseprosessen skal danne utgangspunkt for vidare prioriteringar i høve organisasjonsform, faglege prioriteringar, førebyggjande arbeid, kunnskapsutvikling, tverrfagleg arbeid og eit barnevern som fungerer hensiktsmessig og tilfredsstillande på alle nivå.

### 2.1 Hovudmål

Greie ut ein modell for felles barnevern i kommunane Radøy, Meland og Lindås.

### 2.2 Delmål

- Kartlegge og analysere praksis ved dei tre barnevernkontora
- Kartlegging av tilsett med fokus på styrker, erfaring, kompetanse med meir.
- Kartlegge heilskapleg talmateriale på vesentlege område (antall meldingar, undersøkingar, tiltak i og utanfor heimen, antall fosterheimar med meir )
- Gjennomføre brukar – og oppdragstakardeltaking i form av referansegrupper
- Sette i verk relevante arbeidsgrupper som har ansvar for gjennomføring av dei mest relevante områdene inn mot samanslåinga
- Gjennomføre samlingar med tilsette ved dei tre barnevernstenestene med fokus på kultur, fagleg fokus – og prioriteringar m.m.

Alle delmåla skal føre til ei best mogleg løysing av ein felles organisasjonsform for ny barnevernteneste.

### 2.3 Effekt- og gevinstmål

Kommunane er rusta til endringane i kommunestruktur vert gjennomført, og har sikra kvalitet, kapasitet og kompetanse i tenesta i eit framtidig perspektiv.

Det er vidare vesentlig at prosjektet synleggjer positive effektar gjennom prosjektperioden. Ein positiv effekt kan være at eit større fagmiljø vil inneha betre samla kompetanse og kunne tilby tenester med større bredde enn tidlegare i tråd med dei krav som eit framtidig barnevern står ovanfor og at brukarar av tenesta opplever å møte ein kompetent teneste som ivaretek deira behov på ein hensiktsmessig måte.

#### 2.3.1 Resultatmål (i forprosjektet)

Sluttrapport av prosjektet vil femne om utvida innhald knytta til resultatmåla. Utforme organisering av framtidig barnevernteneste for dei tre kommunane med:

- Stillingar og kompetansekrav for å dekkje primæroppgåvene i barnevernet
- Vurdering av oppgåver, omfang og spesielle forhold som framtidig barnevern skal dekkje (til dømes fosterheimsarbeid, utgreiingskompetanse, foreldrerettleiing, etablering av tiltak)
- Arbeidsprosessar i tenesta
- Fagleg profil
- Driftsform
- Organisering
- Avtaleverk og saksgrunnlag for administrativt vertskommunesamarbeid

- Plan for etablering av felles barnevern

### 2.3.2 Effektmål av hovudprosjektet

- **Kompetanse**

Den einskilde tilsette har tilfredsstillande kompetanse på dei områda arbeidet skal utførast; juridisk kompetanse, barnevernsfagleg kompetanse, god kjennskap til dokumentasjonskrav og sakshandsamingsreglement. Det er vidare vesentlig får utvikla seg og tileigne seg ny kunnskap på fagområdet, samt gjerer kjent med forventningar og krav sett til tenesta til ei kvar tid.

- **Internkontroll**

- Tenesta gjennomfører systematisk internkontroll for å sikre at ein utfører oppgåvene i samsvar med til ei kvar tid gjeldande lovverk, retningslinjer og ansvar tillagt tenesta
- Tenestas ansatte er godt kjent med gjeldane internkontroll

- **Kvalitetsutvikling**

- Sikre barn si rett til omsorg og beskytting
- Barnevernet bidrar til at omsorgssvikt vert avdekka så tidleg som mogleg
- Tenesta etablerer raskt hjelpetiltak i heimen, eller set inn andre kompensierende tiltak, når barnet på grunn av forhold i heimen, eller av andre årsaker har behov for det
- Tenesta arbeider systematisk med brukarmedverknad gjennom ulike metodar, brukarundersøkingar mm.
- Barn/ unge og deira familiar opplever at hjelpetiltak bidrar til ein betre heimesituasjon
- Barn/ unge opplever at barnevernet lyttar til deira historie og at deira meining/ ønskje vert vektlagt i vidare arbeid
- Familieråd, slekt – og nettverksarbeid skal bli prioritert/ vurdert i alle faser av ei barnevernsak
- Teneste innehar kompetanse og kan tilby varierte tiltak og verktøy som imøtekjem de behov som føreligg hjå den enkelte brukar
- Tenesta tilbyr i størst mogleg grad tenester innan eige tenesteapparat

- **Responstid**

- Meldingar og undersøkingar vert handtert i samsvar med lovverk, forskrifter og gjeldande fristar
- Offentlege meldarar opplever å få naudsynt informasjon om tiltak som vert sett i verk.

- **Plasserte barn og unge**

- Barn/ unge opplever å få informasjon og høve til å uttale seg, før det vert fatta vedtak som vedkjem dei, når det er til barnets beste.
- Plasserte barn skal ha tett oppfølging gjennom plasseringstida
- Tilsette skal til ei kvar tid ha god oversikt over korleis den einskilde plassering fungerer for det einskilde barn/ ungdom gjennom tett oppfølging og samtalar med barn/unge.
- Tilsyn med born og unge utøves i henhold til lovkrav og alle born og unge skal til eikvar tid ha tilsyn i plasseringsperioden.

- **Tiltaksutvikling**



Tenesta opprettheld og utviklar eigne tiltak retta mot barn/ unge og deira familiar (t.d. miljøterapeutar, rettleiingsgrupper og liknande.)

- **Oppfølging av oppdragstakarar**

- Fosterheimar opplever at dei får god informasjon om barnet, lovverk, rettigheter i forkant av plassering. Avtalar vert gjort i forkant av plassering.
- Fosterheimar opplever å få god oppfølging og rettleiing (einskild- og grupperettleiing, deltakelse i grupper, kurs mv.) i etterkant av plassering
- Øvrige oppdragstakarar opplever å verte følgde opp gjennom oppdragstakarperioden for tenesta

- **Samarbeid med andre instansar**

Samarbeidspartnarar opplever at barneverntenesta bidrar til kompetansebygging og at det er tett samarbeid med barnevernet både i førebyggjande perspektiv og i konkrete saker.

## 2.4 Målgruppe

- Brukarar av barnevernteneste
- Tilsette i barneverntenesta
- Leiarar i barneverntenesta
- Samarbeidspartar til tenesta
- Oppdragstakarar

## 2.5 Kritiske suksessfaktorar og suksesskriteria

Det er vesentlig med tydelig og god informasjonsflyt i prosjektperioden. Informasjonen må gå i rette former – og linjer i respektive grupper i prosjektet. Det er også særskilt viktig at tilsette vert informert s regelmessig og opplever medverknad på dei områder det vert vurdert som aktuelt, til dømes i utvikling av fagleg profil for tenesta.

- Framdrift – deltakarar i dei ulike gruppene knytt til prosjektet må ha ei felles forståing for prioriteringar (til dømes deltaking i møter) og tiltak. Det er vesentleg at det vert sett opp ein framdriftsplan for kvar gruppe ved oppstart.
- Personale - i ein prosess med samanslåing og endring i tenestestruktur kan føre til auka sykemeldingsprosent, arbeidstakarar kan slutte, personale kan være ueinig med innplassering i ny organisasjon, motstand kan forekomme blant personalet. Endringar av stillingar kan føre til utlysning, eksempelvis fagleiarar kan verte avdelingsleiarar. Vesentlig at personalet vert godt informerte undervegs i prosessane og at HR, tillitsvalte deltek i desse prosessane.
- IKT/ arkiv – eit svært krevjande og omfattande arbeid som kan ta svært lang tid. Systema skal avviklas og det er svært mange reglement som skal følgjas. Det vert vesentleg å få denne gruppa raskt på plass og sette i verk / prioritere dette arbeidet.
- Prosessleiing – ein kjem i mål med prosjektet til avtalt tid

## 2.6 Gjeldande premissar og føresetnader

Prosjektet skal gå parallelt med ordinær drift, og skal være klart til implementering frå 01.10.2018. Det inneber at alle deler av prosjektet er klart og at samlokalisering utførast,

Midlertidig plassering i Lindås barnevernteneste sine lokalar inntil endelig plassering i Helsehuset finn stad. Prosjektleiari er ansvarleg for å drifte prosessen i prosjektperioden.

## 2.7 Avgrensingar

Prosjektet skal vera avslutta når ny organisasjonsform er sett i verk og personalet er på plass i ny organisasjon jfr. frist innan oktober 2018

Prosjektet innfattar ikkje dei prosessar som er knytt til utvikling av tenesteområdet i etterkant av prosjektet.

Prosjektgruppa er i hovudsak ansvarleg for korleis organisasjonen skal sjå ut på områdene organisasjonsform, leiing, linjer m.v.

Delar av omstillingsprosessen vedrørende omstillingsavtalar for den einskilde tilsette må utførast ved den einskilde kommune sin teneste og i samarbeid med personal /HR-avdeling.

Budsjettmessige tilhøve må avtalast mellom dei tre kommunane i forhold til fordelingsnøklar, vertskommuneansvar mv.

Lokale for samlokalisering er under arbeid og er ikkje tatt inn i prosjektet. Det er sett i verk ein plan for dette arbeidet og lokalet skal være ferdigstilt innan samlokalisering oktober 2018

Det er p.t. eit pågåande prosjekt *Akuttberedskap for barn i Hordaland* som ikkje er tatt med i prosjektet. Dette prosjektet vil kunne påverke organisasjonsform. Tenesteleiar for barnevernet i Radøy kommune, Leila Torsvik er med i prosjektet.

## 2.8 Kvalitetssikring

Kvalitetssikring er knytt til ein god prosess, som inkluderer ei tydeleg skildring av målsetjing, framdriftsplanar og medverknad som presentert i prosjektplan – og mandat.

Vurderingstidspunkt i høve framdrift i prosjektet er definert i milepælsplanen, men vil vere eit kontinuerleg tema i prosjektgruppa. Resultat av vurderingsarbeidet vert tatt opp i styringsgruppa.

## 2.9 Sluttkriterium for prosjektet


Eit sluttkriterium for prosjektet er at endeleg organisasjonskart ligg føre, er vedteke og er kommunisert ut i organisasjonen. Vidare at alt personale er innplassert i hht. regelverk og at lokale for samlokalisering føreligg. Drifta er tilpassa dei økonomiske rammer som vert bestemd. Prosjektet skal i si heilhet beskrivas i eigen sluttrapport

### 3 Prosjektet si framdrift, hovudmilepælar og hovudleveransar – overordna

#### 3.1 Prosjektet si varighet

Prosjektet skal være avslutta 1.10.2018 Endringar knytt til organisering skal være formidla ut i organisasjonen innan juli 2018 med iverksetting frå 1.10.2018

#### 3.2 Framdriftsplan, heile prosjektperioden – overordna



### 3.3 Hovudmilepælsplan - framdrift og tidsramme

Prosjektet har ei tidsramme på eitt år frå og med oppstart 1.10.2017

Tabellen under gjev eit oversyn over hovudmilepæler i prosjektet

Tid	Milepæl	Tid	Ansvarlig	Kriterier for oppnådd milepæl
HMP1	Oppstart og etablering av prosjektet	Okt 2017	Prosjektleiari	Når prosjektleiari har iverksatt arbeidet i hht. prosjektmandat
HMP2	Informasjon til ansatte i Lindås, Meland og Radøy barneverntjeneste	Okt 2017	Prosjektleiari	Prosjektleiari har møtt og informert tilsette ved dei tre barneverntjenestene
HMP3	Prosjektgruppe, arbeids – og referansegrupper er satt	Okt 2017 – sept 2018	Prosjektleiari	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Prosjektleiari har satt saman arbeidsgrupper i samråd med prosjektgruppa</li> <li>2. Ansatte er orientert om deltaking i diverse arbeids – og referansegrupper</li> <li>3. Møte avholdt i gruppene og framdriftsplan pr gruppe opprettet.</li> <li>4. Kontinuerlig arbeid i gruppene pågår i hht. dei tiltak og mål som settes for gruppene</li> </ol>
HMP4	Prosjektplan godkjent	Nov 2017	Prosjektleiari	Prosjektplan er godkjent i styringsgruppa
HMP5	Samling med ansatte i barneverntenestene i tre kommunar	Des 2017	Prosjektleiari	Avholdt felles samling med ansatte med formål helhetlig informasjon om prosjektmandat, prosjektplan og prosess vidare
HMP6	Innhenting av vesentleg informasjon	Okt 2017 – Febr 2018	Prosjektleiari	Vesentleg informasjon er innhenta (talmateriale, rutinar, internkontroller, pesonaloversikter m.v.) ved det enkelte kontor og samanfatta for å gje føring for organisasjonsform – og vidare prioriteringar i prosjektet.
HMP7	Plan for organisering av felles barnevern	Mars 2018	Prosjektleiari	Plan for organisering og organisasjonskart for felles barnevern: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. levert styringsgruppe</li> </ol>
HMP8	Sak om vertskommuneorganisering frå 2018 - 2019	Mars 2018	Prosjektleiari	Sak er til handsaming i kommunestyra
HMP9	Utredningar, løypemeldingar til styringsgruppe	Okt 2017 – Sept 2018	Prosjektleiari	Prosjektgruppe orienterer kontinuerlig til styringsgruppe om kvar prosjektet står til ei kvar tid
HMP10	Drøfting av organisasjonsform med HTV og plasstillitsvalgte.	Innan 1.sept 2018	Prosjektleiari	Godkjenning av HTV og plasstillitsvalgte
HMP10	Ferdig godkjenning i styringsgruppen	Sept 2018	Prosjektleiari	Ferdig prosjekt/ organisasjonsform føreligg og felles barnevern etableras etter godkjenning i styringsgruppen

### 3.4 Samanheng med andre prosjekt og aktivitetar


Kommunane Lindås, Radøy og Meland skal bli slått saman til ein kommune frå 2020. Prosesser som føregår kan påverke prosessen med samanslåing av eit felles barnevern, då fleire vesentlege instansar ikkje har starta arbeidet.

Det er p.t. eit pågåande prosjekt *Akuttberedskap for barn i Hordaland*. Dette prosjektet inngår ikkje som del av prosjekt Felles barnevern. Prosjektet skal være ferdigstilt innan 31.3.2018 og vil kunne påverke organisasjonsform for felles barnevern i kommunane Lindås, Radøy og Meland.

Det mellom anna grunna at prosjektet skal utrede moglegheita for at alle kommunane i Hordaland skal inngå i ein felles akuttberedskap, det vil mellom anna sei at prosjektet skal utrede alternative løysingar om organiseringsforslag som kan dekkjes akuttberedskapen i alle kommunane, samarbeid, rammer og bemanning, økonomi mv.

## 4 Organisering, ansvar og bemanning

### 4.1 Organisering



### 4.2 Rapportering og kommunikasjon

Prosjektplan vert lagt frem i prosjektgruppe, og ved felles einigheit om innhald, vert den presentert for styringsgruppa for godkjenning. Deretter vert prosjektplan gjort kjent for dei tilsette.

For alle arbeidsgrupper vert det utarbeida ein framdriftsplan. Prosjektleder informerer om prosessar i arbeids – og referansegruppene til prosjektgruppe.

Prosjektleder informerer tilsette i dei tre barneverntenestene jevnleg i møter, eller i skriftleg form.

Det vert sett opp plan for jevnlege møter mellom prosjektleder og barnevernleiarar i dei tre respektive kommunane.

### 4.3 Rollebeskrivelse

Prosjektgruppe:

Namn	Organisasjon	Avtalt deltaking i prosjektet	Rolle	Kompetanseområde
Sissel Mary Frotjold	Radøy kommune	x	Prosjektleder	Prosjektleder
Mette Fauskanger	Radøy kommune/ rådmannen	x	Prosjektleder	Kommunalsjef
Kristin Moe	Lindås kommune/ rådmannen	x	Prosjektdeltaker	Kommunalsjef
Leila Torsvik	Radøy kommune/ barnevern	x	Prosjektdeltaker	Barnevernleder
Kjell Ølnes	Meland kommune/ barnevern	x	Prosjektdeltaker	Barnevernleder
Kari Fanebust	Lindås kommune/ barnevern	x	Prosjektdeltaker	Einingsleder barnevern
Cato Færøy	Lindås kommune	x	Prosjektdeltaker	Hovedtillitsvalgt

### 4.4 Plan for gevinstrealisering

Resultatet av prosjektet skal være ferdig innan 01.09.2018 og realiseras frå 01.10.2018

## **5 Prioritering og finansiering**

### **5.1 Finansiering**

Deltakere i prosjektet skal nytte ordinær arbeidstid til dette arbeidet. Det vert søkt om prosjekttilskot også for 2018. Det vil også bli søkt om OU-midler til diverse aktivitet for ansatte i prosjektperioden.

**Kostnadsramme for prosjektet utgjør kr 1 213 375,-**



## 6 Risikoanalyse

For sannsynlighets- og konsekvensvurderingar vert skalaen 1-9 nytta, der 1-3 tilsvarar liten, 4-6 tilsvarar medium og 7-9 er høgst sannsynlege hhv. risiko.

ID	Risikopunkt	Konsekvensskildring	S	K
1	Manglande framdrift	Deltakarar i dei ulike arbeids – og referansegruppene får ikkje tilrettelegging for å prioritere arbeidet		
2	Mangelfull informasjon og medverknad	Personalet opplever lite informasjon og medverknad og vert passive til prosessen. Usikkerhet kan medføre motstand, økt sjukefråver og liknande.		
3	Fare for å miste kompetanse	Arbeidstakarar med god kompetanse vert usikre på framtidig organisering og eigen innplassering og seier seg opp i prosjektperioden. Kommunen mister nødvendig kompetanse.		
4	Mangelfull avklaring for vesentlige områder som til personal og økonomi	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det er ikkje avklart kven som skal ivareta personalansvar i ein omstilling der ein kommune i ein periode vert vertskommune</li> <li>2. Motstand i personalet i forhold til innplassering i ny organisasjon</li> <li>3. Uklarheter i forhold til fordelingsnøkler ved budsjett</li> </ol>		
5	Manglande oversikt over omfang ved IKT – og arkivløyning for felles barnevern	Svært omfattande arbeid hvor store systemer skal systematiseres, avvikles og gjenopprettes som kan være mer tidkrevende enn antatt ved prosjektstart		
6	Mangelfull prosessleiing	Ting tek lengre tid enn planlagt (møter utgår/utsettes, aktørar prosjektleiar er avhengig av leverer ikkje innan angitte fristar, prosjektet vert stoppa av uføutsigbare hendelser jfr. pkt 4 og 5) Prosjektet kjem ikkje i mål til fastsatt tid. Frustrasjonar utviklas i organisasjonen.		

*Sannsynlighet*

Høg			
Medium		1, 4,5	6666
Liten	2, 3		
	Liten	Medium	Høg

*Konsekvens*

## 7 Tiltak for å redusere risiko

ID	Risikopunkt	Tiltak
1	Manglende framdrift	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Presisere viktigheten av deltakelse hos ledere for ansatte som deltar i arbeids – og referansegrupper</li> <li>2. Utarbeide tydelig framdriftsplan med underliggende A3 (LEAN) og møteplan ved oppstart for kvar gruppe</li> </ol>
2	Mangelfull informasjon og medverknad	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sette opp plan for informasjonsmøter og samlingar med ansatte i dei tre barneverntenestane</li> <li>2. Involvere ansatte på alle nivå i utvikling av fagleg profil og organisasjonsform for ny barnevernteneste</li> <li>3. Skaffe god oversikt over ansattes ønskjer og kompetanse og bestrebe å benytte den på best mogleg måte</li> </ol>
3	Fare for å miste kompetanse	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Leiarar må til ei kvar tid motivere ansatte til å være med i ny organisering og presisere viktigheten av at kompetente ansatte er med vidare</li> <li>2. Prioritere arbeid med omstillingsavtaler og innplasseringar av den enkelte</li> </ol>
4	Mangelfull avklaring for vesentlige områder som til personal og økonomi	Prosjektgruppa må snarleg avklare desse områda med styringsgruppa.
5	Manglende oversikt over omfang ved IKT – og arkivløyning for felles barnevern	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Prioritere oppstart av arbeidsgruppa som skal ivareta og arbeide med desse områda</li> <li>2. Snarleg utrede omfang og iverksette tiltak med effektiv framdriftsplan på området</li> <li>3. Avklare moglegheit for endring av felles dataprogram for ny barnevernteneste</li> </ol>
6	Mangelfull prosessleing	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Prosjektleiar må ha framdriftsplanar for alle arbeidsgrupper</li> <li>2. Prosjektleiar må prioritere informasjonsarbeid for ansatte ved dei tre barneverntenestene</li> <li>3. Prosjektleiar må være pådrivar og pågåande overfor dei som får ansvar for ulike områder og at arbeid utføres i tråd med satte fristar.</li> <li>4. Prosjektleiar må informere prosjektgruppe snarleg dersom risikoelementer slår ut i ei form som hindrar prosjektet i å gjennomførast innan frist</li> </ol>

## **8 Endringar**

Einkvar endring av prosjektplanen skal gjennomgås og avklaras i prosjektgruppa. Endringar skal besluttas i styringsgruppa.

Prosjektleder innstiller og alle endringar skal dokumenteras.